

Nærings- og Fiskeridepartementet

Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Svar på høyring av forslag til innretning på havbruksfondet

Viser til Nærings- og Fiskeridepartementet sitt forslag til innretning på havbruksfondet, sendt på høyring 10.12.2015, med frist for svar sett til 18. februar 2016.

Hovudutval for Næring- og kultur i Sogn og Fjordane har fatta følgjande vedtak i sak 14/16:

1. Departementet har lagt opp til ei brei og grundig offentleg høyring av korleis eit Havbruksfond skal innrettast.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser ikkje noko problem med at fordelingsnøkkel for utdeling av inntektene frå Havbruksfondet vert fastsett sentralt av departementet, og ikkje regionalt.
3. Fylkeskommunen ser at den kommunale planlegginga og tilrettelegging for nye areal til oppdrettsverksemd kan vere ein flaskehals for vidareutvikling av oppdrettsnæringa i fylket. Det er kommunane som har det viktigaste rolla som arealplanleggarar, og Sogn og Fjordane fylkeskommune stør difor Departementet sitt framlegg om fordeling mellom fylkeskommunar og kommunar; 70 prosent til kommunane og 10 prosent til fylkeskommunane (20 prosent til staten).
4. Som utbetalingsmodell meiner Sogn og Fjordane fylkeskommune tal på det fysiske arealbeslaget er den modellen som i størst grad vil stimulere kommunane til å planlegge for nye og *større* akvakulturområde. Eit problem med eksisterande arealplanar er at akvakulturområda er for små, og at det må søkjast dispensasjon i veldig mange saker ved endring eller utviding av anlegg.
5. Ein utbetalingsmodell basert på lokalitets MTB vil òg vere rettviss i den forstand at kommunar med stor oppdrettsaktivitet får størst inntekter frå fondet. Men vi vil peike på at kommunane si rolle er å planlegge sjøarealet, dei har ingen reell påverknad på kor stor produksjonskapasitet det blir gitt løyve til på den enkelte lokalitet (lokalitets MTB).
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner kommunane må få utbetalt sin del av fondet så snart pengane er innbetalt; direkte utbetaling annakvart år. Fordi det sikrar kommunane sitt handlingsrom til å disponere egne inntekter frå fondet.
7. Vi meiner insentiveffekten er tilstrekkeleg ivaretatt om fondet vert fordelt fullt ut etter fysisk arealbeslag eller eksisterande lokalitets MTB. Ei problemstilling departementet ikkje har diskutert, er om kommunar som per i dag har, eller i framtida vil få, store areal definert som «branngater» burde bli tilgodesett på eit eige vis.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør

Elisabeth Aune
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift